



## Notat

Dato: 22.04.2016  
Arkivsak: 2014/11640-75  
Saksbehandlar: tortitl

---

**Til:** Styringsgruppa for Kystpilegrimsleia

---

**Frå:** Hordaland fylkeskommune ved Tor Andreas Titlestad

---

### Kystpilegrimsleia. Referat frå møte i styringsgruppa 22. april 2016

Møtet gjekk føre seg på telefon frå kl. 10 til kl. 11.

Desse møtte:

Per Olav Hopsø, Sør-Trøndelag  
Frøydis Austigard, Møre og Romsdal  
Marita Aarvik, Sogn og Fjordane  
Gunn Marit Lygre, Rogaland  
Margunn Pettersen, representant for bispedømme

Meldt forfall:  
Neshe Lie, Hordaland

Saksliste  
Til grunn for møtet, låg saksframlegg datert 13.04.2016.

Vedtak:

1. Vekting av destinasjonar

*Styringsgruppa ser vektinga som eit godt grunnlag for vidare arbeid og prioriteringar i Kystpilegrimsleia. Det er ønskjeleg om administrasjonane kan arbeide vidare med prioriteringane, slik at ein i størst mogeleg grad kan oppnå ei harmonisering av talet på prioriterte destinasjonar i kvart fylke. Det vil likevel vere opp til kvart fylke om ein ønskjer å leggje opp til 5 prioriteringar pr. fylke. Administrasjonane vert oppmoda til å leggje fram endeleg prioritering til møtet i den utvida arbeidsgruppa 2. og 3. mai.*

2. Kartfesting av Kystpilegrimsleia

Styringsgruppa slutta seg samrøystes til følgjande prinsipp for kartgrunnlag og kartfesting:

*Prosjektet fekk i 2013 utarbeidd eit kartgrunnlag. Karta har fokus på historiske leier og på historiske stader slik desse var opplyst om i forprosjektet.*

*Det er eit viktig prinsipp at kartgrunnlaget held seg til historisk informasjon, med serleg vekt på mellomalderkyrkjer/kyrkjestader, hamner/gjestehamner og handels- og gjestgjevarstader, I*

*vidareutviklinga av kartsystema, vert det lagt vekt på å hauste frå opne system og med det avgrense oppdateringsansvar til det historiske, eller den informasjonen som held seg stabil.*

Følgjande presisering vart lagt til:

*I Rogaland vert streken på kartet strekt fram til Sokndal.*

3. Informasjonsarbeid (digitalt)

Styringsgruppa ønskte følgjande tillegg i forslag til vedtak:

*I val av app-løysing, bør det leggjast vekt på å velje den appen som gjer lettast mogeleg tiltale til dei gruppene vi ønskjer å kommunisere med.*

Endeleg vedtak (samrøystes) vert då:

*Styringsgruppa ser det som lite hensiktsmessig å nytte eiga nettside som hovudinformasjonskanal til brukarane. For brukarane av Kystpilegrimsleia, vil informasjon tilgjengeleg på app gje oversikt, og kunne hauste inn informasjon frå opne datakjelder på ein enkel måte. Skal vi gå vidare med til dømes tur.app, må det vere ein føresetnad at dei løysingane vi vel for digital informasjonsformidling kan fungere innan dei løysingane Nasjonalt Pilegrimssenter har utvikla og driftar (pilegrimsleden.no).*

*I val av app-løysing, bør det leggjast vekt på å velje den appen som gjer lettast mogeleg tiltale til dei gruppene vi ønskjer å kommunisere med.*

*Styringsgruppa presiserer at utvikling av digitale løysingar skjer i tett dialog og samarbeid med Nasjonalt Pilegrimssenter.*

4. Samarbeid med Forbundet Kysten – prosjektet «Kystleden»

Det vart samrøystes gjort følgjande vedtak:

*Styringsgruppa ser det som sers viktig at det ikkje vert skapt konkurranse mellom Kystpilegrimsleia og Forbundet Kysten sitt prosjekt «Kystleden» og det store frivillige arbeid som vert lagt ned i farty og kystkultur. Det er difor viktig å få til dialog med hensikt å få dei med i ein posisjon som partner. Det vert teke sikte på eit innleiande møte med Forbundet Kysten så snart dette er mogeleg.*

*Nasjonalt Pilegrimssenter og Forbundet Kysten vil verte invitert til neste møte i styringsgruppa.*

5. Vurdering av den utvida arbeidsgruppa sin funksjon (i lys av framtidig kjøp av prosjektleiing som teneste)

Sør-Trøndelag ønskte at følgjande presisering vert teke inn i vedtaket:

*I tråd med dei samarbeidsavtaler som ligg til grunn for fylka sine engasjement i Kystpilegrimsleia, skal Sogn og Fjordane koordinere arbeidet i den utvida arbeidsgruppa.*

Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak:

*Den utvida arbeidsgruppa skal vere eit saksførebuande organ for styringsgruppa, og i den fasen prosjektet no går inn i, vil den utvida arbeidsgruppa ha viktige oppgåver i utviklinga av eit oppdrag/bestilling i tilknytning til kjøp av tenester, jf. vedtak i styringsgruppa 02.03.2016. Prosjektgruppa vil ha oppgåver i samband med oppfølging og rapportering. Som ei serskilt oppgåve, vil prosjektgruppa ha eit fagleg ansvar for å sikre det kultur - og kyrkjehistoriske innhaldet i prosjektet.*

*I tråd med dei samarbeidsavtaler som ligg til grunn for fylka sine engasjement i Kystpilegrimsleia, skal Sogn og Fjordane koordinere arbeidet i den utvida arbeidsgruppa.*

#### 6. Kystpilegrimsleia – innhald

Styringsgruppa ønskte følgjande omarbeiding i dei tre siste strekpunkta i forslag til vedtak:

- *Følgjande arbeid vert utført i samarbeid med Nasjonalt Pilegrimssenter:*
- *Utvikling av logo for Kystpilegrimsleia og eventuelle produkt som kan knytast til pilegrimsreisene (pilegrimsmerkje). Det skal vere ein heilskapleg grafisk profil til produkt som knyt seg til Kystpilegrimsleia.*
- *Utvikling av ein eigen brosjyre for heile Kystpilegrimsleia.*
- *Utvikling av pilegrimspass og stempel med tilhørande forslag til kriterie. Det er viktig at vi også er i god dialog med Nidaros Pilegrimsgård som mottak for pilegrimar.*

Følgjande vedtak vart gjort samrøystes:

- *Alle val av ruter og stader langs leia skal ha historisk grunnlag med utgangspunkt i mellomalderens seglingsleier frå Rogaland til Nidaros.*
- *Ein legg opp til at ferda langs leia i all hovudsak går føre seg til sjøs. Unnataket her er ruta langs Jærkysten og einskilde drag/eid.*
- *Det er eit føremål å gje dagens kystpilegrim ei oppleving av historie, natur og kultur som er med på å formidle ei meining og eit mål som står i samanheng med det pilegrimane opplevde på si reise langs kysten i mellomalderen.*
- *Reisa langs kysten skal likevel vere tilrettelagt for moderne pilegrimer ved å gje dei tilbod om mat og overnatting der dette er mogeleg. For å kunne gje pilegrimane eit godt service – og transporttilbod, skal det leggjast vekt på samarbeid med reiselivsaktørar og reiselivets organisasjonar.*
- *Det skal verte utvikla digitale informasjonskanalar som gjev pilegrimane opplysningar om ruter, kart og distansar mellom destinasjonane med tilhørande servicetilbod.*
- *Dei digitale systema må utformast med det føremål at det saumlaust kan inngå og overførast til nettstaden [pilegrimsleden.no](http://pilegrimsleden.no)*
- *Følgjande arbeid vert utført i samarbeid med Nasjonalt Pilegrimssenter:*
  - *Utvikling av logo for Kystpilegrimsleia og eventuelle produkt som kan knytast til pilegrimsreisene (pilegrimsmerkje). Det skal vere ein heilskapleg grafisk profil til produkt som knyt seg til Kystpilegrimsleia.*
  - *Utvikling av ein eigen brosjyre for heile Kystpilegrimsleia.*
  - *Utvikling av pilegrimspass og stempel med tilhørande forslag til kriterie. Det er viktig at vi også er i god dialog med Nidaros Pilegrimsgård som mottak for pilegrimar.*

#### Nytt møte i styringsgruppa

Det vert teke sikte på eit nytt møte i Bergen 8. juni. Møtet vil vere avhengig av om ein på dette tidspunktet har fått på plass ny prosjektleiing.

Neste møte vert 29. august i Bergen. Det er ønskjeleg at alle medlemmer av styringsgruppa set av tid til å vere fysisk til stade. På dette møtet vert ny prosjektleiing, Nasjonalt Pilegrimssenter og Forbundet Kysten invitert til å vere til stades.